

Styremøte 27. mai 2005  
Administrerande direktør si  
ororientering pkt 1

Styreleiar i Helse Bergen HF

05/121 - 1795/05

Anne May S. Sønstabø , 51 96 38 26

04.05.2005

## TILTAK FOR Å NÅ RESULTATKRAV FOR 2005

Styret i Helse Vest RHF behandla i styremøtet 25. april sak vedrørande presisering av aktivitetsføresetnad i budsjett 2005 (styresak 42/05).

Under behandlinga av saka vart det kommentert at budsjettsituasjonen for helseføretaka i 2005 er svært pressa og at det samtidig ligg inne krav om ytterlegare reduksjon av ventetider. Som ein del av fleire tiltak er styret klar over at føretaka har gjort vur~~ringar~~ i høve til betre utnytting av kapasitet og at det er lagt inn føresetnader om auka DRG produksj~~o~~. Med basis i utviklinga dei to første månadene meiner styret i Helse Vest det er grunn til å spørje om den aktivitetsveksten det er lagt opp til på enkelte område for 2005 er for ambisiøs.

Styret er bekymra for utviklinga i høve til kostnader og produksjon i HF'a, og ber om ei tilbakemelding frå HF-styra til styremøtet i Helse Vest RHF 27. mai på kva tiltak som vert sett i verk for å levere eit resultat i samsvar med budsjettet i 2005. Tilbakemeldinga må innehalde ei klargjering av dei tiltaka som allereie er sett i verk. I tillegg må tilbakemeldinga innehalde ei beskriving av ytterlegare tiltak som vil bli sett i verk som følgje av at produksjonsveksten no kan ligge an til å verta lågare enn føresett i budsjettet.

Administrasjonen i Helse Vest RHF skal samanstilla svara frå styreleiarane og det blir bedt om ei skriftleg tilbakemelding innan fredag 20. mai.

Med helsing

Herlof Nilssen  
Administrerande direktør

Per Karlsen  
Økonomi- og finansdirektør

Kopi til: Styreleiar i Helse Vest RHF  
Administrerande direktørar i HF'a